

STYREPROTOKOLL

Torsdag **17. september 2020** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – kl. 18.00
STYREMEDLEMMER SOM MØTTE:	Siv Bente Stople Østbø, Ernst Morgan Endresen og Astri Furumo
VARAMEDLEM SOM MØTTE:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø t.o.m. sak 20, kl.17.30 (ho deltok ikkje i sak 21/20)
INNKALLING:	Godkjent (utsending e-post 10.09.20).
SAKSLISTE:	Godkjent

Styreleiar ønskte velkommen til det fyrste styremøtet i denne valperioden. Styremedlemmane og dagleg leiar presenterte seg.

Følgjande saker blei handsama:

SAK 16/20 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 31.03.20

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå styremøte 31.03.20 blir godkjent.

Styrehandsaming 17.09.20:
Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 17.09.20:

Protokoll frå styremøte 31.03.20 blir godkjent.

SAK 17/20 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 17.09.20

10. Protokoll frå representantskapsmøtet den 27.04.20 i HKS IKS
11. Brønnøysundregistra 23.07.20 - Stadfesting på motteken årsrekneskap for 2019
12. Samordnet registermelding til Brønnøysundregistra om nytt styre – til underskriving

Styrehandsaming 17.09.20:

Dagleg leiar orienterte og styret kommenterte. Representantskapsmøtet var for fyrste gong digitalt, då lovendring opna for fjernmøte pga. koronapandemien. Erfaringa var at det var nytt og få kommentarar frå deltakarane. Styret meinte at fysisk møte var å føretrekke, men gjerne med et tema i tillegg. Styret signerte melding. Dagleg leiar sørgjer for innsending.

Samrøystes vedtak 17.09.20:

Styret tar referatsakene 10 - 12 til orientering.

SAK 17/20 – STATUSOVERSIKT PR SEPTEMBER 2020**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Statusoversikt pr. september 2020 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 17.09.20:

Dagleg leiar informerte om arbeidssituasjonen som følgje av Covid-19. Alt av samlingar i vår og haust var blitt avlyst. Møta i mars var avlyst, mange omrokeringar og fleire møte gjennomført digitalt via Teams, Zoom eller Skype. Med lite arbeidsmiljø var saknet av kantine merkbar.

Styret brukte tid og hadde spørsmål knytte til saka i haust om val av revisjonsordning. Om vedtaka går for at kommunane skal vere medeigar i Rogaland Revisjon IKS heller enn å ha konkurransebasert revisjon, vil sekretariatet fortsatt vere ein bestillar for kontrollutvala, men arbeidet rundt anbudsprosessen vil bortfalle.

Regnskapsrapport pr. 31.08 var bestilt frå dagleg leiar, då siste rapport var pr. 30.06 og neste ville vere pr. 30.09. Styreleiar ønskte at styret fekk tilsendt dei kvartalsvise rapportane når dei var klare. Vidare ønskte ho budsjettreporta som eige sak på sakslista. Styret støtta framlegget. Eller ingen merknader til forbruk.

Samrøystes vedtak 17.09.20:

Statusoversikt pr. september 2020 blir tatt til orientering.

Dei kvartalsvise rekneskapsrapportane vert sendt styret og rapport blir sett opp på styrekartet som eige sak.

SAK 19/20 – STYREINSTRUKSEN TIL HKS IKS FOR STYREPERIODEN 2020-2024**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Styret tiltrer vedlagt styreinstruks for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS av 03.12.13, sak 21/13, evaluert 2016 slik den føreligg /med desse endringane / og / eller tillegg: ...

Styrehandsaming 17.09.20:

Styret gjekk punktvis gjennom instruksen. Under pkt. 2.4 om møteform meinte styret at styreleiar også burde kunne bestemme at eit styremøte skal haldast digitalt dersom det skulle vere behov for det.

Då det nå snart var to år sidan sist gjennomgang av strategiplan 2018-2022 ønskte styreleiar at den ble satt på sakslista til neste møte.

Saksdokumenta vert sendt ut pr e-post som no, men styreleiar framheva at medlemmane har rett på å få dei på papir dersom dei skulle ønske det.

Styret hadde elles inga merknader eller tillegg.

Samrøystes vedtak 17.09.20:

Styret tiltrer vedlagt styreinstruks for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS av 03.12.13, sak 21/13, evaluert 2016 og 2020 med tillegg i pkt. 2.4 om digital møteform dersom det vil vere behov for det.

SAK 20/20 – INTERKOMMUNALT ARKIV (IKA) I ROGALAND - ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN SOM FØLGE AV AT RYMI IKS TRER UT

Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling:

1. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner Ryfylke Miljøverk (RYMI) IKS sin uttrede av Interkommunalt Arkiv i Rogaland (IKA) IKS med virkning fra 01.01.2021.
2. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner ajourført selskapsavtale med innarbeidelse av de endringer som fremgår av denne sakens punkt 3, jf. vedlegg 1.
3. Representantskapet delegerer til administrasjonen å foreta de nødvendige tekniske oppdateringene i avtalen for å få korrekte lovhenvvisninger til ny kommunelov på plass jf. understreket tekst i vedlagte avtale. Når dette er gjort bes selskapet om sende ut endelig ajourført avtale til alle deltakerne.

Styrehandsaming 17.09.20:

Dagleg leiar informerte om saka og om tidlegare praksis med skriftleg handsaming. Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 17.09.20 og innstilling til representantskapet:

1. *Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner Ryfylke Miljøverk (RYMI) IKS sin uttrede av Interkommunalt Arkiv i Rogaland (IKA) IKS med virkning fra 01.01.2021.*
2. *Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner ajourført selskapsavtale med innarbeidelse av de endringer som fremgår av denne sakens punkt 3, jf. vedlegg 1.*
3. *Representantskapet delegerer til administrasjonen å foreta de nødvendige tekniske oppdateringene i avtalen for å få korrekte lovhenvvisninger til ny kommunelov på plass jf. understreket tekst i vedlagte avtale. Når dette er gjort bes selskapet om sende ut endelig ajourført avtale til alle deltakerne.*

SAK 21/20 – LØNNSFORHANDLINGAR 2020

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret gjer styreleiar og ev. eit styremedlem fullmakt til å forhandle om ny løn til rådgjevar og å fastsette ny løn for dagleg leiar, gjeldande frå 01.05.20 i eige forhandlingsmøte.

Forhandlingane må vere avslutta innan november og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar og arbeidstakar sin forhandlar.

Styrehandsaming 17.09.20:

Krava (unntatt off. – OFL § 23.1) var sendt ut til styret same dag og blei også delt ut i møtet.

Dagleg leiar gjekk frå møtet under handsaming av saka.

Styret drøfta saka.

Dagleg leiar blei i etterkant bede om å ta kontakt med forhandlar og avtale ein dato i siste veka i oktober.

Samrøystes vedtak 17.09.20:

Styret gjer styreleiar og eit styremedlem fullmakt til å forhandle om ny løn til rådgjevar og å fastsette ny løn for dagleg leiar, gjeldande frå 01.05.20 i eige forhandlingsmøte.

Forhandlingane må vere avslutta innan november og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar og arbeidstakar sin forhandlar.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt eller blei tatt opp.

Dato for neste styremøte blei flytta fra 2. desember til **tirsdag 15. desember.**

Møtet vert lagt til Haugesund rådhus og det vil blir etterkant av møtet bli invitert til julemiddag for styret og dei tilsette.

Aksdal, 17. september 2020

Siv Bente Stople Østbø (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar